



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Marin Harvest AS
avd. Herand
5628 HERAND

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **05 JUN 2008**
Vår ref.: NVE 200703620-2 rv/ias
Arkiv: 313 /047
Dykkar dato: 01.12.2006
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Ivar Sægrov
57 83 36 72

Marin Harvest AS, Herand
Søknad om løyve til vassuttak og regulering av Vidalsvatnet i Jondal
kommune, Hordaland – Oversending av NVE sitt vedtak

Vi viser til søknad datert 01.12.2006 som vart oversendt til NVE frå Fiskeridirektoratet, Region Vest, med brev datert 13.03.2007:

NVE gjev Marin Harvest løyve etter vassressurslova § 8 til å regulere Vidalsvatnet med inntil 1 m mellom LRV på kote 6 97,5 og HRV på kote 698,5. Det skal sleppast ei minstevassføring frå Vidalsvatnet på 40 l/s. Maksimalt vassuttak frå Herandsvatnet til settefiskanlegget er 52 m³/min. Reguleringa og vassuttaket skal sikre grunnlaget for utviding og vidare drift av settefiskanlegget på lokalitet 13157 Herand i Jondal kommune. Løyvet blir gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Frå Fiskeridirektoratet sitt brev :

"Søknad om utviding av settefiskanlegg for laks og aure på lokalitet 13157 Herand i Jondal kommune

OVERSENDING - OPPDRETTSSAK	
SØKNAD DAGSETT:	01.12.2006
SØKJAR:	Pan Fish Norway AS (tidl. Aqua Farms)
ADRESSE:	Grimmergata 5, 6002 ÅLESUND
KONS.NR:	H-J-1
OPPDRETT AV:	Settefiskproduksjon av laks og aure
OMSØKT STORLEIK:	2,5 mill. stk. sjøklar settefisk
KVA SAKA GJELD:	Utviding frå 800.000 til 2,5 mill. stk.

Lok.nr	Lokalitet	Kommune	Kartblad	UTM-koordinater euref-89	Maks settefisk/år	Vasskjelde
13157	Herand	Jondal	1315-IV	LM 551 926	2,5 mill	Herandsvatnet/Vidalsvatnet

MERKNADER

Pan Fish Norway AS søker om utviding av løyve til produksjon av settefisk av laks og aure på lokalitet 13157 Herand i Jondal kommune. Konsesjonen er godkjent for ein produksjon av 800.000 stk settefisk, og vort søkt utvida til 2,5 millionar.

Søknaden er offentleg utlyst i høve til Akvakulturlova og Vassressurslova § 8. Jondal kommune har i skriv av 06.03.2007 tilrådd utvidinga."

Søknaden i høve vassressurslova

Vassuttak og vassforbruk

"Anlegget henter sitt vann fra Herandsvatnet, men søker nå konsesjon fra NVE til å regulere det ovenforliggende Vidalsvatnet mellom kote 697.5 m og 698.5 m. Med en reguleringshøyde på 1,0 m og et samlet areal på 0.75 km² gir dette et magasin på ca 750 000 m³. Overføring av vann til Herandsvatnet vil renne fritt i Storelvi ned til inntaksmagasinet til anlegget i Herandsvatnet.

Elven fra Herandsvatnet renner bratt ned mot sjøen, og det er ikke oppgangsmuligheter til produktivt areal for laksefisk. Det er en mindre høl helt nede mot sjøen, men på høy flo går sjøen helt inni hølen og gjør den uegnet som gyteområde for laks og sjøaure. Arealet ville uansett vært for lite til å kunne opprettholde noen egen bestand.

Den omsøkte reguleringen av Vidalsvatnet samsvarer med en tidligere regulering i innsjøen, basert på avtale mellom grunneierne på garden Mælen og Herands elektrisitetsverk i 1919. Gjennom den nylig inngåtte avtalen med grunneierne ønsker Aqua Farms Settefisk AS avd Herand således på nytt å ta i bruk en gammel rett til å regulere innsjøen.

Vanninntaket i Herandsvatnet har et nedbørfelt på 52 km². Basert på NVEs vannføringsmålinger ved Fodnastøl i dette vassdraget, er gjennomsnittlig vannføring beregnet å være på 197 m³/min, med en arlig avrenning på 103,6 mill m³. Alminnelig lavvannføring er på 0,173 m³/sek ved Fodnastøl. Planlagt vannbruk i det omsøkte anlegget vil være størst i august med 50 m³/min, men i forhold til gjennomsnittlig avrenning utgjør dette ikke mer enn 23 %. Like høy andel av avrenningen vil bli brukt vinterstid, og på grunn av at nedbørfeltet ligger høyt, vil risiko for konflikt mellom avrenning og vannbehov være størst på vinterstid. Med etablering av omsøkte magasinkapasitet i Vidalsvatnet vil anleggets vannbehov være dekket. Selv i tørreste observerte år i perioden 1963 til 1995 ville ikke magasinet ha vært mer enn 30 % nedtappet.

Reguleringen av Vidalsvatnet bør sikre at fisken kan benytte utløpselven som rekrutteringsområde. Hovedproblemet i så måte er ikke å sikre fisken adgang nedover, men å sørge for mulighet for oppvandring av ungfisk. Dette vil imidlertid sannsynligvis bare være et teoretisk problem tatt i betraktning at behovet for nedtapping av innsjøen etter all sannsynlighet begrenser seg til midtvinters.

Reguleringene i Vidalsvatnet vil i liten grad endre bruksvilkår til de omkringliggende hyttene. Dersom ferdselsårer/vinterløyper krysser elven, bør det etableres egnet krysningsmulighet for de tilfeller det skal slippes vann i elven fra Vidalsvatnet og ned til Herandsvatnet."

Handsaming av søknaden

I tråd med retningslinjer for kunngjering og høyring har søknaden vore offentleg utlyst i samsvar med krava i Akvakultur- og Vassressurslova.

Jondal kommune har i si fråsegn den 22.02.2007 konkludert slik:

- "1. I medhald Fiskeoppdrettslova og Vassressurslova § 8 vil Jondal kommune gje slik tilråding til Fiskeridirektoratet:*
- 2. Aqua Farms AS får løyve til å utvida årleg setjefiskproduksjonen i Herand frå 800.000 til 2,5 millionar sjødyktig setjefisk*
- 3. Aqua Farms AS får konsesjon til å regulera Viddalsvatnet inntil 1 m for å sikra vasstilgangen til setjefiskproduksjonen i Herand."*

Fylkesmannen i Hordaland har tidlegare, i brev datert 29.09.2006 til NVE, tilrådd konsesjonshandsaming etter vassressurslova for den delen som gjeld regulering og vassuttak. I fråsegna vart det mellom anna vist til at det med regulering av Vidalsvatnet vil vere nødvendig med vilkår om minstevassføring, og vilkår som sikrar at det ikkje blir etablert vandringshinder for fisk.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søknaden

Settefiskanlegget har sidan 1986 hatt konsesjon for produksjon av 800.000 sjødyktig settefisk. Det er no søkt om utviding til 2.500.000 sjødyktig settefisk.

Vatn til anlegget blir henta frå inntak i Herandsvatnet. Midlare tilsig til Herandsvatnet er gjennom året om lag 197 m³/s. Anlegget sitt vassbehov vil variere mellom nær 50 m³/min som maksimalt uttak i august, til om lag 8 m³/min i gjennomsnitt gjennom vinteren. Anlegget vil nytte oksygenering for å spare vatn.

I søknaden er av det med planar om å regulere Vidalsvatnet med 1 m for å sikre vatn i kritiske periodar med lite tilsig.

Eksisterende forhold i vassdraget

Vassuttak og Hydrologiske verknader:

Settefiskanlegget ligg ved utløpet av Storelvassdraget i Herand. Settefiskanlegget med vassuttak i Herandsvatnet vart etablert i 1985. Det er ikkje noko form for aktiv regulering av Herandsvatnet, men det vart i 1996/-97 gjennomført ei permanent senking på 0,5 m for å betre tilhøva for jordbruket. I tilknytning til senkingstiltaket vart i utløpet støypt ein terskel som sikrar ein nedre vasstand. Aqua Farms har etter avtalen med grunneigarane ikkje høve til å tappe Herandsvatnet under nivå for overløpet på terskelen.

Det har ikkje vore etablert noko form for slepping av minstevassføring frå Herandsvatnet til Herandselva på fallstrekka ned til sjøen. Det har heller ikkje blitt stilt spørsmål om dette eller kome innspel i retning av at det er trong for spesielle tiltak her.

I søknaden er det gjort greie for, og lagt fram aktuell dokumentasjon på vassressursen i høve til vassforbruket, som vil vere nødvendig for den planlagde produksjonsauken i settefiskanlegget. Planlagt magasin og regulering i Vidalsvatnet vil i periodar medføre redusert vassføring i elva ned til Herandsvatnet. Det er opplyst at vatnet tidlegare har vore regulert for drift av eit mindre kraftverk. NVE er også kjent med at det i 1996 vart utført tiltak i utløpet for å sikre vatn til settefiskanlegget. Nyetablering av reguleringa og auka vassuttak vil i noko grad også påverke vassføringa mellom Herandsvatnet og sjøen. Tiltaket vil ikkje i nemnande grad gje andre verknader på vassføringa.

Arealbruk og eigedomsforhold

Jondal kommune har i si fråsegn vist til at auka produksjon skal føregå på eksisterande anlegg. Arealbruk/-behov er ikkje kommentert av kommunen. Settefiskanlegget leiger grunn og vassrettar av grunneigarar til vassdraget.

Verknader som tiltaket vil gje - Fordelar og skader/ulempar

NVE ser det slik at tiltaket kan gje fylgjande fordelar og ulemper.

Fordelar

- Settefiskanlegget vil med auka magasin i Vidalsvatnet betre kunne sikre tilgang på vatn i produksjonen av settefisk
- Vassuttaket vil skje ovafor anadrom strekning og vil dermed vere meir skjerma mot smittefare
- Auka produksjon i anlegget vil sikre drifta og eksisterande arbeidsplassar.

Ulemper

- Regulering på 1 m i Vidalsvatn vil gje endringar i vassføringa på elvestrekkjene frå vatnet og nedover mot sjøen.
- Utan tiltak som sikrar minstevassføring kan reguleringa gje uheldig verknad for fisk i elva og for fisk i Vidalsvatnet som eventuelt har gyteplassar knytt til utløpsosen.

NVE si vurdering

Settefiskanlegget har sidan etableringa i 1986 nytta eit vassuttak direkte frå Herandsvatnet.

Jondal kommune har i si fråsegn tilrådd at det blir gjeve løyve til planlagt vassuttak og regulering av Vidalsvatnet. Kommunen viser til at grunneigarane er informert om søknaden og viser elles til at det ikkje ligg føre konflikt med andre interesser i området.

Korkje NVE eller fylkesmannen har motteke informasjon om at drifta i det eksisterande anlegget i nemnande grad skal ha medført skader eller ulemper for allmenne interesser.

NVE vurderer det slik at planlagt regulering av Vidalsvatnet i det vesentlege vil ligge innafor det som kan definerast som naturlege variasjonar i vasstanden. Demninga vil likevel i større grad halde vatnet attende ved nedtapping/oppfylling og såleis påverke det naturlege avrenningsregimet i vassdraget nedafor. Fylkesmannen har rådd til at det blir fastsett krav til minstevassføring til elva nedafor magasinet. Det er NVE si vurdering at omsynet til allmenne interesser tilseier at skal vere ei fast minstevassføring forbi eller frå dammen i Vidalsvatnet. Ei slik minstevassføring vil heller ikkje i vesentleg grad redusere verdien av magasinet. For aurebestanden i Vidalsvatnet kan reguleringa gje negative verknader. NVE vil spesielt vise til uvisse knytt til om den planlagde reguleringsdammen kan gje verknader for aktuelle gyteplassar slik at det kan bli for svak rekruttering. Om det seinare blir aktuelt med granskning (prøvefiske mv), og det blir konkludert med at tiltak for fiskebestanden skal gjennomførast, gjev vilkåra i konsesjonen fylkesmannen heimel for oppfølging.

Oppattbygging av dammen vil medføre ein synlege konstruksjon i landskapet og det vil såleis vere viktig med klare landskapsarkitektoniske krav til utforming og gjennomføring av påbygginga.

Oppsummering

NVE legg i vurderinga vekt på at tiltaket vil betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget slik at vidare drift vert sikra og arbeidsplassar knytt til anlegget vert oppretthaldne. Eventuelle uheldige verknader vil vere landskapsmessige verknader av reguleringsdammen i utløpet av Vidalsvatnet og endra vassføringsregime på elvestrekkja nedover mot sjøen. Med vilkår om ei fast minstevassføring vil uheldige verknader på elvestrekkjene bli avgrensa. Omsøkt regulering kan få negative verknader for aurestammen i Vidalsvatnet og kompenserande tiltak bli aktuelt å gjennomføre.

NVE sin konklusjon

NVE konkluderer med at fordelane ved tiltaket er større enn skader eller ulemper for ålmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Marin Harvest AS får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til å regulere Vidalsvatnet med inntil 1 m mellom LRV på kote 6 97,5 og HRV på kote 698,5. Det blir gjeve løyve til eit maksimalt vassuttaket på 52 m³/min. Løyvet blir gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Løyve etter vassressurslova gjeld regulering av Vidalsvatnet og uttak av vatn frå Herandsvatnet for produksjon av settefisk. Løyvet gjev ikkje grunnlag for ekspropriasjon slik at konsesjonæren har sjølv ansvar for å avklare privatrettslege tilhøve som tiltaket kan få verknad for.

Kommentarar til vilkåra

Post 1. Reguleringsgrenser og vassuttak

Regulering av Vidalsvatnet med inntil 1 m .

Kotehøgde skal overførast til eit vasshøgdemål (skala i cm) som skal monterast godt synleg ved utløpet av vatnet.

Med grunnlag i anlegget si tapping frå magasinet og at det vil være lange periodar med overløp, vil ei minstevassføring fastsett til 40 l/s, være tilstrekkeleg for å hindre tørrelegging på elvestrekkja nedafor Vidalsvatnet.

Vassuttak

Vassuttaket skal loggførast kontinuerleg.

Post 2. Byggjefristar osb.

Byggjefristen refererar seg til oppattbygging av dammen med reguleringsanordning i Viddalsvatnet. Fristen gjeld også for etablering/ombygging av anlegget for vassuttak frå Herandsvatnet. Plan for tiltaket må vere godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet vere sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo.

Post 3. Konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift osv.

Konsesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osv. Om slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde underrettast i god tid.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve osv.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev vegar, landskapsmessige tilhøve, anordning for nedtapping, inntak, vassleidningar osv vil liggje under denne post.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Standard vilkår for naturforvaltning vert teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg tilhøve til tiltaket sin storleik og verknader.


Det er ein føresetnad for løyve til regulering og vassuttak at Fiskeridirektoratet gjev løyve til utvida produksjonen av settefisk slik det er søkt om.

Dette vedtaket kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underrettinga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova Kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for regulering og vassuttak frå Storelvi

Kopi: Jondal kommune, 5627 Jondal,
Fiskeridirektoratet, Region Vest, postboks L, 6701 Måløy,
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga, postboks 7310, 5020 Bergen ,